

VIL RESURSGRUPPE.

Skipingsmøte 9. mai 2016. Desse møtte: Einar Hoel, Anne Nygård, Steinar Stakkestad, Alf Hoel og Reidar Bjørstad.

Organisasjonsmessig status er ei prosjektgruppe lagt under styret i VIL Formålet er vedlikeholdsoppgaver utan noko målsetting om volum. Gruppa skal forhalde seg til Anders Rem, Stig Rune Grønmo og Børge Johansen (anleggsmnd) Dette skal også vere sosialt for deltakarane. Styret utarbeider ei liste over ting som kan gjerast. Vi får eigen nøkkel til bygga og kan rekvirere nødvendig materialer og utsyr for å gjennomføre arbeidsoppdraga innanfor rimelege grenser.

Torsdag 12. mai 2016. Første innsats med dei same 4 - Anne Nygård, Steinar Stakkestad, Alf Hoel og Reidar Bjørstad. Anne vaska kjøkkenskåper ca 3 t og dei 3 andre spreidde flis i skråningar på parkeringsplassen ca 2t på kvar. Rydding av røtter og kratt. Traktor vart nytta.

18.05.16

SMS invitasjon til Tore Høghjelle, Jon Bjørn Grønning, Gunnar Grønmo, Svein Ove Rem, respons frå Svein Ove og Jon Bjørn. Muntleg kontakt med Kjell Hoel.

18.05.16 Anne Nygård frå resursgruppa møtte saman med nedvaskgjengen på klubbhuset.

19.06.16 Fekk utlevert nøkkel nr 39 til klubbhus mm. Reiv delar av eit gjerde mot akebakke. Fullførte flislegging av skråningar på parkeringsplass. Steinar Stakkestad, Alf Hoel og Reidar Bjørstad. Traktor vart nytta. Ca 2,5 t. **Vi ber om litt tilrettelegging til neste torsdag. Skisse med mål (høgde, avstand mellom stolpar og korleis avstand mellom fjøler skal vere) til gjerde frå innkøyringa til grasbana og nedover mot kiosk. Vi brukar opp att stolpar frå gjerde mot akebakke men må ha fjøler og festemidlur. Vi ber om at tribuna ver spyla og at beis/olje og kostar/rullar vert klargjort. Plan for gjerde? mot nedkøyring frå grasbana når «buskfurer» vert fjerna.**

25.06.16 Den lova tilrettelegging skar seg på alle områder så vi måtte improvisere. Trur vi tek skeia i eiga hand for ettertida! Vi reiv ned resten av gjerdet mot akebakken og sette opp stolpar til gjerde mellom innkøyring til grasbane og kiosk. Alf vil ordne med fjøler og beis til neste samling. Vi skulle hatt tilgang til litt jord og grasfrø for å stelle til att når trappa vest for klubbhuset vert fjerna. Nordre vegg av klubbhuset kan klargjerast og malast utan tilgang på stilarar. Det er viktig at det er klargjort for å ta tak i fleire arbeidsoppgåver på desse samlingane for å kunne tilpasse det etter veret og kor mange som dukkar opp. Etterlyser styret si arbeidsliste. Anne hadde baka muffins til kaffikosen. Desse møtte: Anne Nygård, Alf Hoel, Steinar Stakkestad, Svein Ove Rem og Reidar Bjørstad. Ca 3 t.

02.06.16 Arbeid med gjerde mellom innkøyring til grasbane og kiosk. Starta arbeidet med beising av tribune. Den trekker beis som trekkpapir!! Alf Hoel, Svein Ove Rem, Anne Nygård, Steinar Stakkestad, Reidar Bjørstad. Ca 3 t.

09.06.16 Ferdigstilling av gjerde mellom innkøyring til grasbane og kiosk. Held fram med beising av tribune til regnet stoppa oss. Alf Hoel, Steinar Stakkestad, Reidar Bjørstad. Ca 2 t

16.06.16 Beisa ferdig tribuna med unntak av bak kant på øverste platå. Her må det gravst vekk litt jord før ein fullfører, men vi fann ingen spade, så det får vi ta att. Løyvde ei kanne beis som vi returnerer til Omenås Sag. Steinar Stakkestad og Reidar Bjørstad ca 3,5 t.

23.06.16 JONSOK

30.06.16 Fullførte beising av tribune og flislegging i skråningar mot parkeringsplass. Alf Hoel, Steinar Stakkestad, Svein Ove Rem, Reidar Bjørstad. Ca 2,5t.

07.07.16 Grusing av trakkemaskinbrauta. Alf Hoel og Svein Ove Rem ca 3t. (tot. Hittil ca 82t)

14.07.16 Saga ned buskfurer mellom klubbhus og garasje. Rydda kratt i skråningar og ved ballskuret. Alf Hoel, Steinar Stakkestad, Sivert Vikene, Odd Lennart Vikene, Reidar Bjørstad. Ca 2t (tot. Hittil ca 92t)

21.07.16 Kapping av stuar i skråningar, kantslått i skråningar og langs grasbana. Alf Hoel, Steinar Stakkestad, Reidar Bjørstad ca 2 t. Tot hittil ca 98 t.

28 og 29/7 16 Graving langs sargen og rydding av kratt ved garasje samt tømning av full takrenne på garasjen. Alf Hoel, Reidar Bjørstad ca 2 t. Tot hittil ca 102 t.

05.08.16 Maling av verandarekkverk – Steinar Stakkestad 2 t.

11.08.16 Rydding Steinar Stakkestad 1 t.

12.08.16 Husvask og spyling av speakerbod, ballhus og klubbhusveggen mot grasbana. Dette er no klar til maling i neste veke når fineveret kjem. Steinar Stakkestad og Reidar Bjørstad 2 t. tot hittil ca 109t.

18.08.16 Maling av speakerbod og ballhus. Vi hadde besøk av SN v/Randi Flø. Anne, Alf, Steinar og Reidar – ca 3 t - tot hittil ca 121 t.

25.08.16 Grunning av vindauge speakerbod, maling av 2. strøk speakerbod og fullføring av første strøk maling på ballskur. Alf Hoel, Anne Nygård, Steinar Stakkestad, Einar Hoel – ca 2,5 t tot hittil ca 131t.

01.09.16 Maling av rekkverk mm på veranda på klubbhuset under tak (litt nedbør). Alf dreiv kantslått og Anne, Steinar og Reidar var malarar. Veret gjorde at vi ikkje kunne ta andre strøk på ballskuret. Alf og Reidar var innom styremøte i VIL for å informere, inspirere og provosere litt til vidare innsats for å utvikle Resursgruppa både i volum og med arbeidsoppgåver utover det reint fysiske Min tanke for gruppa går også mot å utnytte intellektuell kapasitet, innovasjonskraft, kulturell kapital og kollektiv motivasjon. Vi kan bruke tid på å kome med forslag til styret for å drifte laget på ein smartare og meir effektiv måte og utnytte best mogeleg dei store menneskeleg resursar VIL har i medlemsmassen sin og den stor goodwill i lokalbefolkninga. Den sosiale biten må styrkast og gruppa bør knytast tettare til VIL sitt daglege arbeid, muligens ved at vi får kopi av møttereferata i styre og grupper for å vere litt meir informert om kva dei er opptekne av. **Resursgruppa fekk mange gode tilbakemeldingar frå styret og dei får vi berre ta til oss for det er fortent!!** Rekruttering er eit stikkordet utover hausten. Styret og gruppene vil prøve å hjelpe oss med det. Arbeid ca 2t x 4 – totalt hittil ca 139t.

08.09.16 Malte andre strøk på ballskuret og det meste av øvre vegg på klubbhuset. Anne Nygård, Steinar Stakkestad, Reidar Bjørstad a ca 2 t tot. hittil ca 145 t.

15.09.16 Vidre maling av øvste vegg på klubbhuset. Anne Nygård og Svein Ove Rem a ca 2,5 t tot. Hittil ca 150t.

22.09.16 Vidare maling av øvste veggen på klubbhuset under taket ved inngang og kiosk. Start av arbeid med utskifting av sarg mellom fotball og løpebane. Kjell Hoel, Steinar Stakkestad, Alf Hoel, Reidar Bjørstad ca 2 t, tot hittil ca 158 t.

29.09.16 Ingen innsats pg verforhold!

06.10.16 Vidare arbeid med sarg. Maling av lister øvre klubbhusvegg. Lite dagslys om kveldane no. Anne Nygård, Kjell Hoel, Alf Hoel, Steinar Stakkestad, Reidar Bjørstad i overkant av ein time. Totalt hittil ca 164 t.

13.10.16 Arbeid med sarg og skileikområde. Alf Hoel 1,5 t. Tot hittil ca 165,5 t.

20.10.16 Reparasjon av trapp ute ved klubbhuset, rydding av skileikområdet, arbeid med fylling av sand inn mot sarg på løpebane på stadion. Dette må takast att til våren med bruk av Roundup inne ved sargen og ny sladding for å føre meir sand inn mot sargen frå sjølve løpebana. Anne serverte nydeleg eplekake til kaffien og vi reknar med at dette var slutten på vår innsats torsdagskveldane sidan det blir så tidleg mørkt. Alf Hoel, Anne Nygård, Svein Ove Rem, Steinar Stakkestad, Alf Erling Dahlen, Reidar Bjørstad tilsaman ca 11,5t. Tot hittil ca 177t.